



**Saksframlegg**

**Busetting av flyktningar 2026**

| Utval         | Utvalssak | Møtedato |
|---------------|-----------|----------|
| Formannskapet |           |          |
| Kommunestyret |           |          |

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Oppmoding av busetting av flyktningar i 2026 – Fyresdal kommune

**Bakgrunn for saka:**

I brev datert 31. oktober er Fyresdal kommune oppmoda om å busette 26 flyktningar i 2026. I 2025 var oppmodinga 25 flyktningar, kommunestyret sa då ja til å busette 20. IMDI justera ned dette talet til 15 på sommaren 2025 då flyktningstraumen inn til Norge vart lågare enn forventa.

Pr. dags dato har Fyresdal kommune sagt ja til busetting av 15 flyktningar i 2025. Vi har så langt busett 12 og skal busette dei seiste 3 i månadsките november/desember. I tillegg kan det bli nokre få på familiegjenforening.

Noreg reknar med å måtte busette 13 000 flyktningar i 2026. Behovet for busetting av flyktningar er framleis stort. Kommunane har vist ei svært positiv busettingsvilje sida krigen i Ukraina braut ut, og Fyresdal kommune har gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Dette er avgjerande i ei kritisk tid og noko det er behov for å vidareføre i 2026.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Få til auke i folketalet. **set inn strategien som står i samfunnsdelen***

Fyresdal kommune har gjennom dei seiste åra, etter at vi fekk ta i mot flyktningar, opparbeid seg god kompetanse på dette området. Vi har i dag tre tilsette som arbeider med mottak, busetting, opplæring, arbeidsretta tiltak og oppfølging av flyktningane. Det har vore eit prosjekt med digital undervisning på norskopplæring, saman med Larvik Læringssenter, som har fått god støtte og anerkjennelse frå IMDI. Dette prosjektet har munna ut i ei vertskommuneavtale med Larvik kommune om opplæring og gjennomføring av introduksjonsprogrammet som fungerer svært bra. Fyresdal har i sitt arbeid med flyktningane oppnådd svært gode resultat på norskopplæringa og i overgang til arbeid.

Pr i dag har vi om lag 65 busette i Fyresdal, med smått og stort, som har kome via flyktningmottak. Dette er med på å oppretthalde folketalet, og vi ser også ein svak vekst dei seinare åra. Noko som er positivt i forhold til å kunne oppretthalde tenestenivået i kommunen. Det er kapasitet i kommuneorganisasjonen til å ta i mot nye flyktningar også i 2026.

Bustader er ei viktig brikke for å kunne busette nye innbyggjarar. Denne marknaden veit vi av erfaring av svingar fort og pr i dag har vi nok bustader. Det seiste året ser vi også at fleire av flyktningane ordnar seg husvære på eiga hand, enten ved å inngå private leigeavtaler eller å kjøpe seg hus på den opne marknaden.

I oppmodinga frå IMDI ber dei også om ei vurdering av kor mange fleire flyktningar kommunen potensielt kan busette i 2026 om behovet aukar utover allereie førespurt ramme på 26. Dei seiste åra har vi stort sett busett familiar men også nokre einsleg vaksne. Det er denne gruppa flyktningar vi ynskjer å fortsette med å busette.

I 2024 busette vi 30 og i 2025 har vi nå busett 15. For å ha ei optimal utnytting av kapasiteten vi har i organisasjonen bør talet på mottak ligge ein stad mellom dette. Mottak utover 30 pr. år kan skape utfordringar i forhold til kapasitet på spesielt lokaler til gjennomføring av introduksjonsprogrammet. Busetting av einsleg mindreårige har vi pr. i dag ikkje kapasitet til. Dette er nok heller ikkje optimalt då Fyresdal ligg lite sentralt til for vidaregåande opplæringsstilbud.

Helse, barnehage og skule har kapasitet til å handtere busetting av flyktningar også i 2026. Dei utfordringane som har oppstått i busettingane tidlegare år har avdelingane løyst på ein svært god måte saman med dei tilsette i flyktningteamet.

### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune er positive til oppmodinga frå IMDI om å busette flyktningar også i 2026, men ynskjer å justere talet til 20 med ytterlegare 10 dersom behovet aukar vesentleg i løpet av året.

Busetting av flyktningar er svært positivt for kommunen både i forhold til befolkningsvekst og arbeidskraft kommunen har behov for. I tillegg er det viktig at Fyresdal kommune bidrar i den internasjonale og nasjonale dugnaden for å hjelpe eit Europa i krig.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

1. Fyresdal kommune takkar ja til busetting av 20 flyktningar i 2026. Familiegjenforeining kan kome i tillegg.
2. Ved auka behov for busetting av flyktningar i 2026, ut over dei 20, kan Fyresdal kommune busette ytterlegare 10 flyktningar.
3. Fyresdal kommune kan ikkje busette einslege mindreårige.

|                 |                      |
|-----------------|----------------------|
| Ulf Pedersen    |                      |
| Kommunedirektør | Kjersti Bergland     |
|                 | økonomi og stabssjef |